
Fra: Anne-Lise Næs Olsen
Sendt: 24. september 2015 13:20
Til: 'tone@byggadmin.no'
Emne: VS: Regplan Moldekleiv, ref 15/619-15/15816

Hei.

Me viser til diverse e-postar frå dykk.

1. Det er berre veg 1 og veg 4 som er offentlege vegar og som skal ha **o** framfor vegnamnet. Dei andre vegane er fellesvegar. Vegane har namn/nummerering i det opphavlege plankartet, og desse nummera skal vidareførast.
2. De kan føre på breidde som er i dag for o_veg1, samt føre på breidde på fortau. De kan utelate radius dersom vegen er ferdigstilt utan at den er i samsvar med opphavleg plan. Det vil elles verte misvisande. Arealet mellom kommunal veg og eksisterande bustadeigedommar i aust lyt synast i planen med formål *anna veggrunn*.
3. Når de ikkje fekk merknader på nabovarsla så kan planskildringa avgrensast til ei nærare skildring av kva endringa går ut på, avviket frå den gjeldande planen og kva konsekvensar endringa vil få.

Ta kontakt ved spørsmål.

Med venleg helsing

Anne-Lise Olsen
Fagansvarleg Plan
Tlf. 56171000/1173
e-post: anne.lise.olsen@meland.kommune.no



Fra: Tone Andreassen Vik [<mailto:tone@byggadmin.no>]
Sendt: 22. september 2015 14:37
Til: Anne-Lise Næs Olsen
Emne: Regplan Moldekleiv, ref 15/619-15/15816

Hei igjen!

Beklager at eg maser, men for å ferdigstill planen treng eg svar på følgande:

1. Er alle vegar innanfor plangrensa blitt kommunale? Står eg i tilfelle fritt til å nummerera dei sjølv? O_veg1, o_veg2, o_veg3 osv
2. Ang veg fram til avkjøring som skal endrast: Fortau skal inn i regplan i samsvar med eksisterande tilhøve og målsetjast (kulepunkt 3) Det er uproblematisk ☺ men i kulepunkt 1 skal alle vegar innanfor plangrensa påførast radius og vegbreidde i samsvar med eksisterande PLAN. Vegen fram til avkjørsel som skal endrast er smalare enn det som reguleringsplanen seier. Viss det då ikkje føreligg ei endring... Ref brev frå 28.08.2015
3. Me fekk ikkje merknader på nabovarsla. Kan planskildringa avgrensast til sjølv endringa (kulepkt 7). Ref brev 28.08.2015

Mvh Tone

Tone Andreassen Vik
Mobil 974 81 911



Fjord'n Senter, 5640 Eikelandsosen 56 58 11 30 post@byggadmin.no